

## **Veglys Mastrevik – Toftegård.**

FV 565 frå Mastrevik – Toftegård er ein svært trafikkert vegstrekning i nærleiken av Austrheim vidaregåande skule og Årås skule. Vegstrekninga kan reknast som ein del av «ringvegen» i Nordhordland og vert nytta av mange av dei som pendlar til og frå Mongstad. Vegstrekninga er difor prega av svært tett trafikk morgen og ettermiddag. Austrheim kommune har i samarbeid med Hordaland fylkeskommune laga reguleringsplan for ein gang og sykkelveg lang Fv 565 frå Mastrevik via Toftegård til Kilstraumen. Denne gang og sykkelvegen er kostnadsrekna til over 200 millionar kroner, noko som gjer det lite realistisk å sjå for seg at denne vert bygd dei neste ti-åra.

Austrheim kommunestyre vedtok for nokre år sidan at elevar langs vegstrekninga Mastrevik – Toftegård skulle få gratis skuleskyss til Årås skule på grunn av at vegstrekninga vert rekna som svært farleg for mjuke trafikantar. Vegstrekninga vert sjølv sagt også nytta av andre mjuke trafikantar, både eldre, elevar ved Austrheim vidare gåande skule og andre born og unge som skal til og frå kulturskule, kommunesenteret og idrettsanlegga i kommunen. Kommunen søkte difor 31.03.2017 Hordaland fylkeskommune om tilskot til veglys langs strekninga Mastrevik – Toftegård, og den 28.04.2017 fekk me svar om at me hadde vorte tildelt kr 1.270.000,-. Kommunen sette arbeidet ut på anbod og aksepterte 08.06.2017 BKK sitt tilbod på arbeidet.

22.06.2017 var kommunen i kontakt med SVV om kvar søknaden om løyve til å setja opp veglys skulle sendast. Den 07.07.2017 var dette avklart og søknaden vart sendt frå kommunen. Etter fleire purringar fekk me 11.10.2017 avslag på søknaden om å setja opp veglysa slik BKK hadde prosjektert. I grunngjevinga går det fram at ein i nye anlegg ikkje kan nytta eksisterande stolpar med luftstrekk i fellesføringsanlegg, altså trestolpar med hengeleidning som også forsyner andre abonnentar. SVV krev nye stålstolpar og nedgraven kabel mellom stolpane. Det vert vist til handbøkene N100 og V124. Viss desse handbøkene skal leggjast til grunn, vil prosjektet bli vesentleg dyrare enn det HFK har lagt til grunn i sitt tilskot. I tillegg vil det vera heilt uakzeptabelt at me langs vegen skal ha eit sett med stolpar for forsyning av allmenta, og eit sett med stolpar for veglys. Eg viser til «Nasjonal Konferanse om vegstandard – meir veg for pengane» på hotell Scandic Bergen City 27.09.2016, der bodskapen frå vegdirektøren og alle fagfolka som heldt innlegg, var at handbøkene skulle nyttast som hovudregel når nye anlegg vert prosjektert, men at vegeigar skal bruka skjønn og sunn fornuft når eksisterande veganlegg vert modifisert. Dette for at ein mellom anna skal få mest mogeleg trafikktryggleik att for kvar krone ein investerer.

Austrheim kommune har ikkje noko mot at anlegget for veglys langs FV 565 vert bygd slik SVV ønskjer når det ein gang i framtida vert bygd gang og sykkelveg langs fylkesvegen, men inntil det skjer ber me om at vegeigaren gir dispensasjon til å byggja veglysanlegget frå Mastrevik til Toftegård slik BKK har skissert i sitt tilbod.

Me vil understreka at veglys langs den strekninga saka gjeld, er eit av dei høgast prioriterte tiltaka i Austrheim kommune sin trafikksikringsplan.

Spørsmålet til MISA er om HFK kan gje dispensasjon til å byggja anlegget slik BKK foreslår?